

HELSE/ELDRE

Venstre vil arbeida for:

- å auke kvaliteten på tenestene i eldreomsorga
- å auke antal einerom/sjukeheimplassar
- å auke satsinga på demensomsorg
- å gi eldre høve til å velje om dei vil bu heime, på institusjon eller i omsorgsbustad
- å gi same kvalitet på tenestene uavhengig av buform
- å styrkje psykitatritenesta
- å gi eldrerådet medråderett så tidleg som mogeleg i alle saker
- kompetanseutvikling av personale for å sikre alle brukergupper tenester av høg kvalitet

KULTUR

Venstre vil arbeida for:

- ein kulturskule som har så stor breidde i tilbodet at han vert interessant for flest mogleg av elevane.
- å prioritere tiltak for barn og unge ved utdeling av kommunale kulturmidlar
- ein gjennomtenkt strategi når det gjeld å ta vare på lokalhistoria, t.d. vern av bygningar, bygdemuseum, tilskott til jubileumsskriv/bøker etc.
- beta samarbeid mellom folkebibliotek/skulebibliotek, evt. samanslåing av desse

KOMMUNAL BUSTADPOLITIKK

Venstre vil arbeida for:

- betre vedlikehald av kommunale bustadhus og eigedommar
- ein gjennomtenkt strategi for kommunen si rolle som huseigar og -utleigar
- varierte utbygging av bustadar, leilighet, rekkehus...
- tilretteleggje for bustadar for ungdom
- å utarbeida heilskaplege og estetiske planar for nye byggjefelt

Våre toppkandidatar



1. Sigmund Hagen 48 år, frå Hjelmeland. Gift, to barn.
Er opphavleg frå Erfjord, men flytta til Hjelmeland for sju år sidan.

Jobbar som styrmann om bord i Hjelmeland. Leiar i l Hjelmeland Venstre. Varamedlem til kommunestyre i denne perioden.

Saker eg spesielt brenn for er skule, bulyst og miljø. Ønskjer å setja innbyggaren i sentrum.



2. Johan Mjølhus, 29 år sambuar, bur på Hauskje Utdanna som bilmekanikar, men jobbar nå i Marine Harvest og har ansvaret for den tekniske avdelinga på sjøsida.

Interessert i jakt, friluftsliv og dyr, og skal ta over garden heime.
Ønsker å snakka for ungdommen i den neste 4-års perioden.

Her er resten av Hjelmeland Venstre si liste:

5. Ingebjørg Elin Kleppa, Nessa, 59 år
6. Sigbjørn Nesvik, Jøsneset, 40 år
7. Odd Kåre Riveland, Årdal, 29 år
8. Linn Aina Rosså, Hausken, 25 år
9. Dawit Woldemichael, Hjelmeland, 47 år
10. Paul Øvrehus, Fister, 55 år
11. Kurt Øye, Øye, 42 år



3. Tor Inge Dalane Årdal, 34 år Gift, eit barn
Han er nordsjøarbeidar og bur i Årdal.

Er hjelpepleiar og jobbar på Hjelmeland omsorgsenter.
Saker eg ser som spesielt viktige er å skapa trivsel i kommunen for innflyttaren. Trafikk tryggleik spesielt for skulebarn



4. Anna Hagen 41 år frå Hjelmeland. Gift, to barn.
Er opphavleg frå St. Petersburg, Russland. Har vært bosatt i Noreg i 11 år og sju år på Hjelmeland.



Hjelmeland Venstre
hjelmeland@venstre.no
www.venstre.no/rogaland/hjelmeland



venstre

“Innbyggaren i sentrum”

Program
2007 - 2011
Hjelmeland Venstre



FOLKESTYRE

Venstre vil arbeida for:

at alle kommunale møte og høyringar, kommunestyre, nemnder og utval skal vera opne etter lovverket

rådgjevande folkeavrøysting i viktige kommunale saker, t.d. kommune- samanslåing etc.

å ta bygdeutvala med på råd i viktige kommunale saker og gje dei informasjonsplass i Bygdaposten

å unngå for mykje delegering av fullmakter frå folkevalde til administrasjon

budsjettprosessen i Hjelmeland kommune må vera open for ålmenheta heilt frå starten. Den første budsjettkonferansen må haldast i kommunen og vera open for publikum og presse.

ADMINISTRASJON/ FORVALTNING

Venstre vil arbeida for:

samsvar mellom kommuneplanar og praksis
likskap for lova

å unngå rettssaker mot innbyggjarar

å sjå på kostnader med utarbeiding av planar før vedtak om iverksetjing

kritisk vurdering av storleiken på administrasjonen samanlikna med tilsvarande kommunar

at kommunale fellesanlegg kan plasserast utanfor kommunesenteret om det er ynskjeleg
konkurranseutsetjing av aktuelle kommunale driftsoppgåver

ein god seniorpolitikk i kommunen

ØKONOMI

Venstre vil arbeida for:

å redusera kommunen sine driftskostnader

å redusera kommunen si gjeld

å unngå nye låneoptak

strengare budsjett disiplin



AREALSTYRING

Venstre vil arbeida for:

ei positiv haldning til bustadbygging utanfor etablerte byggefelt og sentrumsområde

restriktiv hyttebygging i 100 m-sona

at kommunen skal vera ein aktiv tilretteleggjar av bustadfelt i alle bygdene.

MILJØ

Miljø handlar om livskvalitet og helse i dag...og i framtida.

Venstre vil arbeide for:

at det vert utarbeidd ein kommunal plan som syner satsing på forvaltaransvaret for livsmiljøet i lokalt perspektiv

å ta vare på friluftsområda slik at folk flest får adgang til jakt, fiske og strandsoner.

Å stimulera til betre utnytting av fornybare energikilder, f.eks småkraftverk.

Å jobbe for pumpestasjon med alternativt drivstoff

SAMFERDSLE

Venstre vil arbeida for:

utgreiing av alternativ tunnel Svadberg - Vatne

arbeide for utbetring av kommunale vegar og kaiar

realisering av tilkomstveg til Mæslia byggefelt

raskare realisering av gong- og sykkelveg

leggje press på vegvesen/fylke for utbetring av dårlege fylkesveg

pendlarrute frå Hjelmeland til Stavanger

arbeide for fastlandstilknytning

buss-samband Sand – Hjelmeland - Tau



NÆRINGSPOLITIKK

Venstre vil arbeida for:

å omorganisera kommunen sitt næringsutviklingsarbeid ved å slå verksemda til Hjelmeland Næringsutvikling og Landbrukskontoret saman til ei ny, kommunal næringsavdeling underlagt politisk styring

å ha klar næringsstomter når behovet melder seg

ein aktiv og målretta politikk for å tryggja primærnæringane

ein aktiv og målretta politikk for å støtte nyetableringar/små verksemdar

SKULE/BARNEHAGE/ OPPVEKSTMILJØ

Venstre vil arbeida for

ingen endringar i skule- og barnehagestrukturen utan at eit fleirtal i krinsen ynskjer det

gode rammer for skule og barnehage

skule og barnehage med godt kvalifisert personale

gode etter- og vidareutdanningstilhøve for det pedagogiske personalet

UNGDOM

Venstre vil arbeida for

å gi ungdomsrådet reell medråderett

oppretting av utdanningsbank - oversikt over og kontakt med ungdom under utdanning

å informera ungdom om jobbtilhøve i kommunen ved at kommune og næringsliv går saman om t.d. oversiktsbrosjyre eller arrangerer ei lokal utdanningsmesse

stipend til ungdom som tek utdanning kommunen har særskilt behov for - med 2 års bindingstid til kommunen etter fullført utdanning

arbeide for uformell møteplass for ungdom med kommunal garanti for drifta